

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 18. oktober 2023

**Stad:** Rom 216, HF-bygget

### Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Lene M. Johannessen, Øyvind Gjerstad og Martin Paulsen

Frå gruppe B: ingen

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Belinda Munoz Solheim, Eirik Tiller og Ronja Roti Johannesen

### Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader. Ny versjon av sakspapira til sak 4 vart sendt ut etter innkallinga fredag 13. oktober 2023.

### Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 20. september 2023

Godkjent utan merknader.

### Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttleiar orienterte om arbeidet med studieprogramporteføljen ved fakultetet, og om utfordringane vi har med rekruttering og gjennomføring av studia. Som instituttleiar er han med i arbeidsgruppa for programporteføljen ved fakultetet. Lunde etterlyste at det vart gitt godt rom for innspel og idear frå fagkoordinatorane både generelt og meir spesifikt under seminaret fakultetet skipar til 26. oktober. Instituttleiar minna om at fagkoordinatorane har ei rolle som mellomledd mellom instituttleiinga og dei tilsette på faga sine i arbeidet med programporteføljen.
- B. Instituttleiar ønskte dei nye studentrepresentantane velkomne til instituttrådet.

### Sak 4 – Utlysing av stipendiatstillingar ved instituttet

Instituttleiar gjorde greie for tilsetjingane av postdoktorar og ph.d.-stipendiatar no i haust. Det er sannsynleg at instituttet vil få lysa ut to til fire nye rekrutteringsstillingar neste år. Korleis skal desse stillingane lysast ut: som heilt opne utlysingar, som utlysingar knytte til forskargrupper (eventuelt spesifikke fagmiljø) eller på andre måtar? I tillegg må instituttrådet ta stilling til om IF skal krevja at ph.d.-søkjjarar har knytt kontakt med rettleiar før søknaden blir sendt inn. Instituttrådet er òg invitert til å koma med synspunkt på fordelinga mellom ph.d.- og postdoktorstillingar i utlysingsrunden 2024.

Berg Henjum hadde innvendingar mot føringa fakultetet ser ut til å leggja om at satsing på forskargruppene er meir strategisk enn andre strategiske prioriteringar. Instituttleiar streka under det bør leggjast meir vekt på prosessen enn konklusjonen i vurderinga av kva som er strategisk.

Johannessen lanserte tanken om at ein kan halda av éi stilling til fag som særleg treng tilført ein stipendiatressurs, og så lysa ut dei andre stillingane knytt til forskargrupper.

Lunde meinte vi i år berre bør lysa ut ph.d.-stillingar i år, og ikkje postdoktor-stillingar. Vi har få nye stillingar til rådvelde totalt, og vi har allereie ei fordeling der postdoktorstillingane utgjør litt over 20 prosent. Johannessen spurde om vi i framtida bør ha eksterne komitear ved tilsetjing i rekrutteringsstillingar, slik at vi ikkje får problem med at alle aktuelle IF-tilsette er inhabile, og slik at vi kan skjerma undervisningstida til dei fast tilsette ved IF.

Konklusjon: Instituttrådet har ikkje innvendingar mot at IF prioriterer forskargruppene ved utlysing av rekrutteringsstillingar i 2024, men det kan vera aktuelt å setja av éi av stillingane til fag med særskilt behov. IF bør halda fram med å krevja at søkjarane har knytt kontakt med ein rettleiar ved instituttet, og instituttet bør prioritera sakkunnige komitear med eksterne medlemar. Ingen tok til orde for at instituttet burde prioritera postdoktor-kategorien i 2024-utlysinga.

## **Sak 5 - Støtte til forskning ved IF**

Instituttrådet drøfta forskningstildelingane i driftsbudsjettet for 2024. Det er ikkje aktuelt å utvida den faste satsen på 3000 kroner per person til individuelle driftsmidlar ("bokpengar"). I tillegg til søknadsfristen 1. desember, bør det òg vera rom for søknader om forskingsstøtte frå instituttet etter at tildelinga av Meltzer-midlar er klar tidleg i mars.

Instituttet vurderer å heva støttesummen til dei aktive forskargruppene til 20 000 for kvar gruppe i 2024

## **Sak 6 – Justering av retningslinjene for programstyra ved instituttet**

*Vedtak (samrøystes):*

*Om representasjon i programstyret: Det noverande punktet i retningslinjene om representasjon i styret for lektorprogrammet blir endra til: «Programstyret i lektorutdanninga har 9 fast vitenskapleg tilsette. Dette inkluderer alle dei 7 fast tilsette fagdidaktikarane på engelsk, fransk, spansk og tysk – og i tillegg to representantar for disiplinfaga (ein frå engelsk og ein frå dei andre tre faga), utpeikte av instituttleiar. I tillegg har programstyret med tre studentrepresentantar».*

*Om retningslinjene for programstyret for lektorprogrammet: «Det nye programstyret for lektorprogrammet i framandspråk følgjer opp evaluering og kvalitetssikring av og vedtek studieplanen for lektorprogrammet og emneplanar for tverrfaglege tilbod som er tilbodne som ein del av lektorprogrammet.»*

*Om retningslinjene for UUI: «Utvalet følger m.a. opp evaluering og kvalitetssikring av undervisninga, og vedtek studie- og emneplanar for tverrfaglege tilbod, unntatt dei tverrfaglege tilbod som programstyret for lektorprogrammet har ansvar for.»*

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef